



Nye og gamle skilt i kryssen riksvegen /Sandavegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rundt rekna eit år etter at Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedal Utvikling laga ein plan for å rydda opp i skiltjungelen i Uskedalen er endeleg dei første av dei nye skilta på plass.

På den nye skiltstolpen i kryssen mellom riksvegen og Sandavegen finn ein no symbola for kyrkja, rasteplass/infotavle, Rabben camping og daglegvarer.

Dei gamle skilta som står på øya mellom køyrevegen og gang- og sykkelvegen vart fjerna fredag, sjølvstapt med unnatak av skiltet SANDAVEGEN. Heller ikkje lausfotreklamen til SPAR vart fjerna, men er den akseptabel for vegvesenet?

På forvarslingstavlene ved riksvegen i begge "endene" av Uskedalen kjem det no symbol for rasteplass, enkel servering, overnatting og informasjon.

Og så ventar vi spent på dei varsla skilta for Dønhaug Gjestegard og Øyro Marina.....



--men i går vart dei gamle skilta fjerna av E.Opedal&Sønner, som har kontrakt på vegvedlikehaldet. (Foto: Ola Matti Mathisen)